



## Handlingsplan mot mobbing.

### 1 Målsettingar

#### *Opplæringslova § 9a-1*

*Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.*

- Vi skal ha ein 100% mobbefri skule.
- Vi vil gjennom haldningsskapande arbeid forsøke å skape respekt og toleranse for andre.
- Vi vil gje elevane tryggleik i skulekvardagen.
- Vi vil gjere elevane medvitne på korleis dei skal gå fram dersom dei sjølve blir mobba, eller kva plikter dei har dersom dei veit om andre som blir mobba.
- Vi ønskjer at det skal vere tillit mellom heim og oppvekstsenter slik at dei føresette tek opp saker som er mobberelaterte.

### 2 Definisjon av mobbing

Mobbing er: «Negativ eller ondsinna åtferd gong på gong frå ein eller fleire som er retta mot ein elev som har vanskeleg for å forsvare seg. Erting gong på gong på ein ubehageleg måte er også mobbing».

### 3 Haldningsskapande arbeid

- Tydeleg melding frå leiinga om skulens haldning til mobbing. Rektor informerer elevane og foreldra i starten av kvart år.
- Jobbe for eit trygt klassemiljø der kvar enkelt skal føle tilhøre og medansvar. Dette er ei pedagogisk utfordring og ei utfordring for samarbeidet heim / skule.
- Fremme haldningar som:
  - På vår skule vil vi ikkje ha mobbing.
  - Det er lov å seie frå når ein ikkje har det OK
  - Det er lov / plikt å seie frå når ein ser / veit om at nokon blir plaga. Det er ikkje sladring.
  - Det er fint at vi er forskjellige!
- Klare, eintydige reglar og klargjering av konsekvensar / sanksjonar
  - på klassenivå
  - på skulenivå

### 4 Førebyggjande arbeid

- Oppvekstsentra bruker systematisk «*Det er mitt val*» som er eit undervisningsopplegg om klassemiljøutvikling og førebyggjande arbeid i grunnskulen og barnehagen ([www.determinnvalg.no](http://www.determinnvalg.no)). Dette skal årsplan- og timeplanfestast og ansvarleg ved skulen skal vere peikt ut.
- Skape eit godt skulemiljø gjennom tiltak som t.d. turar, klassefestar, utsmykking av korridorar med ordtak, bilete, teikningar og samværsreglar lagedag, jolefest, skidag, sommarfest, etc.

1) definisjon henta frå «Elevundersøkinga».

- Lage klassereglar ved starten av skuleåret.
- Aktiv bruk av elevmedverknad gjennom klasse- og elevråd.
- Ein vaksen sit med elevane medan dei et mat.
- Gode vakt- og inspeksjonsordningar, med nok vaksne ute i friminutta.
- Opplæring i bruk av sosiale medie, samt “Nettvett” med besøk frå politiet ei gong i året, frå 5. kl og oppover.
- Attraktive uteområde og moglegheit for aktivitet.
- Bygge opp kompetanse om handtering av mobbesaker og samtaleteknikk og klasseleiing. Kurs med jamne mellomrom for alle.
- Foreldrekveld med mobbing som tema, både på klasseforeldremøte og storforeldremøte.
- Trivsel/klassemiljø som faste punkt på konferansane.
- Haldningsskapande arbeid i den daglege undervisninga.

## 5 Avdekkjande arbeid

- Årlege elevundersøkingar i regi av Utdanningsdirektoratet. Skal gjennomførast på 5.-10. trinn haust og vår.
- Jamnlege elevsamtaler der trivsel og tryggleik er faste punkter, og eventuelt vidare oppfølgingssamtaler med elevar dersom det skulle vise seg naudsynt.
- Foreldrekonferansar der klassemiljø blir diskutert jamnleg.
- God lærarobservasjon i timer, overgang mellom aktivitetar og friminutt, samt at skuleveg og busshaldeplass skal haldast auge med så godt det lyt seg gjere.

## 6 Tiltak ved mistanke om - eller funn av – mobbing

- Handlingsplikt:** Den som blir utsett for – eller er vitne til/veit om at andre blir mobba – seier i frå til ein lærar / tenesteleiar på oppvekstsenteret. Personalet ved oppvekstsenteret informerast.
- Den som blir mobba, og mobbaren har samtale kvar for seg, med kontaktlærar, slik at ein kan få kartlagt kva som har skjedd. Føresette kan informerast om saka, avtalar kan inngåast og saka kan avsluttast.
- Dersom saka, etter vurdering, tilseier det, kan føresette kallast inn til samtalar. Avtalar kan inngåast med både føresette og elevar som partar, og saka kan avsluttast.
- Om saka ikkje er løyst, kan oppvekstsenteret kalle inn til konfliktmøte. Avtalar kan inngåast med både føresette og elevar som partar, og saka kan avsluttast.
- Saka kan til slutt bli meld til skulehelsetenesta, PPT, barnevernet eller Politiet.

- Når tiltak mot mobbing er formelt igangsett, må saka og formelt avsluttast. Dette kan skje ved eit enkeltvedtak jf. Opplæringslova §9a-3.
- Enkeltvedtak kan bli fatta på fleire stader undervegs i prosessen.
- Det er viktig med god dokumentasjon undervegs i prosessen.
- NB! Kvar sak er unik. Vurder i samråd med administrasjonen om ekspertise bør inn på eit tidleg tidspunkt.

NB! Saker som det fattast enkeltvedtak i skal og meldast som avvik i det kommunale kvalitetssystemet (hugs anonymisering av namn på elevar).

## 7 Evaluering

Skulane skal ha årlege evalueringar av arbeidet sitt mot mobbing på slutten av kvart skuleår.

---

## Idebank:

- Klassemøte m/diskusjonar
- Stilar med mobbing som tema
- Rollespel, framføringar, rappar, dikt
- Opplagg på tvers av klasstrinn
- Mobbing som tema på fellessamlingar
- Vaksne som gode modellar – både språkleg og som konfliktløysarar
- Bruk av lokalavisa – lesarinnlegg
- Bruke avisoppslag om mobbing i undervisninga
- Bygge opp om / spele på positive leiarar
- Bruke hjelpeapparatet og kompetanse i kollegiet
- Filosofikafè
- Felles lunch
- Elevmekling
- Filmar og bøker
- Elevlogg
- Tryggleik, trivsel og læring. Kan vi gi foreldra ”oppdrag” i forhold til dette.
- Bruke nettressursar t.d. [www.mobbing.no](http://www.mobbing.no) , [www.udir.no](http://www.udir.no) , [www.determinnvalg.no](http://www.determinnvalg.no), [www.forandringsfabrikken.no/no/out](http://www.forandringsfabrikken.no/no/out)

## Tiltak ved mistanke om eller funn av mobbing

Avhengig av situasjonen gjerast følgjande:

- Observasjon av involverte
- Samtale med antatt mobbeoffer
- Samtale med antatt mobbar
- Informere involverte føresette kvar for seg.
- Informere involverte føresette samla.
- Vurdere å kalle inn til konfliktmøte

## Forslag til korleis ein samtale kan gjennomførast:

Konfronter mobbar om situasjonen. Gje klar beskjed om at mobbing er uakseptabel og må stoppe straks.

Forplikt positiv åtferd overfor mobbeoffer – gjer avtale.

Set opp ny samtale.

Dersom det er fleire mobbarar:

Konfronter mobbar om situasjonen. Gje klar beskjed om at mobbing er uakseptabelt og må stoppast straks.

Forplikt positiv åtferd overfor mobbeoffer – gjer avtale.

Set opp ny samtale. Vurder kontinuerleg kor ofte desse møta skal vere og om dei skal vere gruppevis eller med enkeltelev.

Felles møte med alle mobbarane. Referer kva som har kome fram i dei individuelle samtalane, inviter til samarbeid, kva kan kvar og ein bidra med for å stoppe negativ åtferd? Lag avtalar.

Før møtet er slutt er det viktig å førespegle gruppa på desse momenta:

- Kva vil de gjere dersom nokon plagar NN? Då vil det vere lett for dykk å bli med på plaginga.
- Når de kjem ut frå dette møtet vil dykk kanskje fleipe med det vi har snakka om og ikkje ta det på alvor?

Det er viktig å få eit svar frå alle elevane!

## Hovudansvar

	Tenesteleiar	Kontaktlærer	Alle
Skulens haldning til mobbing	X		
Trygt klassemiljø		X	
Fremme gode haldningar			X
Klare reglar og konsekvensar			X
Det er Mitt Val	Tenesteleiar peiker ut ansvarleg lærar kvart år.		
Skulemiljø			X
Klassereglar		X	
Elevmedverknad		X	Elevrådsleiar
Matvakt / inspeksjon			X
Opplæring nettvert			Teamleiar delegerer
Uteområde og aktivitet	X		
Kompetanse om mobbing	X		
Foreldremøte		X	
Trivsel / klassemiljø		X	
Elevundersøking 5.-10. kl	X		
Elevsamtalar		X	
Observasjon			X
Handlingsplikt			X
<b>Tiltak ved mistanke om – eller funn av – mobbing</b>			
Observasjon av involverte	X		
Samtale med antatt mobbeoffer		X	
Samtale med antatt mobber		X	
Informere føresette		X	
Sanksjonar	X		
Konfliktmøte	X		
Oppfølging	X		
Enkeltvedtak	X		
Dokumentasjon	X		
Oppmelding	X		

NB! Tenesteleiar delegerer ansvar og oppgåver i kvar enkeltsak.